

Fra boken "Husmannstid og husmannsfolk" av Arnfinn Engen, Dølaringen Boklag 2001. s. 9:

Et samfunn i endring

"(...) Det førindustrielle norske samfunnet tidleg på 1800-talet og det industrialiserte samfunnet hundre år seinare var svært ulikt på mange måtar. Ein sentral skilnad var produksjonsformene, måten varer og tenester vart produserte på. Begge produksjonsformene var avhengige av menneskeleg arbeidskraft. Men det som mellom anna skilde dei, var kravet til lokaliseringa av denne arbeidskrafta, og kravet til mobiliteten til arbeidskrafta.

Det gamle bondesamfunnet med ekstensive driftsformer tronget mange jordbruksarbeidarar, men arbeidarane var jamt fordelede utover bygdene. Kvar gard tronget berre nokre få arbeidarar. Og situasjonen var stabil over lang tid. Gardane låg der dei alltid hadde ligge, og talet på driftseiningar endra seg ikkje så svært mykje før 1850. Det var innanfor desse rammene med dei krava til arbeidskraft som det gamle bondesamfunnets hadde at husmannsvesenet utvikla seg, i alle fall slik arbeidshusmannen er kjent frå Austlandet.

Den andre produksjonsforma, den industrielle, stilte heilt andre krav til arbeidskrafta.

For det første måtte arbeidskrafta konsentrerast for å få ei effektiv utnytting i større produksjonseininger. Industrien og dermed arbeidarane vart samla i sentra, i byar. Men for å kunne samle arbeidskrafta i eit samfunn der arbeidarane frå før budde spreidd og var knytte til jorda gjennom bruk av ein husmannsplass, var det nødvendig at bandet dei hadde til jorda vart brote, at husmannsvesenet vart avvikla. Først da kunne arbeidskrafta bli mobil og kunne konsentrerast i industrielle sentra.

Ei av følgjene av industrialiseringa var større mobilitet i samfunnet. Industrien skapte andre muligheter for arbeid og med betre kår enn husmannsplassen kunne by. Dette førte til at husmannsfolket forlet plassane og reiste til byane, og etter kvart til Amerika. Men dette skapte eit nytt problem, det vart mangel på arbeidskraft i jordbruket. (...)"